


**Sakshandsamar:**

 Einar Ulla  
 E-post: [inrar.ulla@sfj.no](mailto:inrar.ulla@sfj.no)  
 Tlf.: 57 65 63 61

**Vår ref.**

 Sak nr.: 14/2921-3  
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

15202/14

**Dykkar ref.**
**Dato**

LEIKANGER, 27.05.2014

Fylkestinget

## Kontrollutvalet sin uttale til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap 2013

Kontrollutvalet har i møte 27.5.2014 handsama uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Rekneskap 2013
- Fylkesrådmannen sin årsrapport for 2013
- Revisjonsmelding frå SF revisjon IKS, datert 14.04.14

I tillegg har løn- og rekneskapssjef og revisor vore tilgjengeleg for kontrollutvalet med informasjon om aktuelle problemstillingar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2013 viser eit overskot på 45,5 mill. kroner. Netto driftsresultat er på 394,3 mill. kroner, noko som svarar til 13,2 % av driftsinntektene i 2013. Gjennomsnittet for fylkeskommunane i landet unnateke Oslo var på 6,0 %<sup>1</sup>.

Fylkeskommunen si langsiktige gjeld auka i 2013 med 325 mill. kroner til 2 300 mill. kroner. Dette utgjer ein prosentvis auke på 16,5 %. Fylkesrådmannen skriv i sin årsrapport at den store auken hovudsakeleg er knytt til veginvesteringar, og nemner særskilt endra rekneskapsføring av forskotterte vegmidlar som ein del av auken. Auken i langsiktig gjeld har vore høgare for Sogn og Fjordane fylkeskommune dei to siste åra enn den gjennomsnittlege auken for fylkeskommunane i landet utanom Oslo. Netto lånegjeld pr. innbyggjar er for Sogn og Fjordane fylkeskommune på 20 619 kroner. Gjennomsnittstalet for landet utanom Oslo er på kr. 7 765 kroner<sup>2</sup>.

Fylkesrådmannen peikar på at fylkeskommunen har ei evne, målt ved rente- og avdragsbelastning i prosent av driftsinntektene, til å handtere lånegjelda om lag som landsgjennomsnittet for fylkeskommunane.

Kontrollutvalet vil signalisere uro over auken og nivået i fylkeskommunen si langsiktige gjeld.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av rekneskapstal i årsrapporten hadde vore meir oversiktleg dersom rekneskapstala som er presentert i årsrapporten på enkelt sett kunne finnast igjen i rekneskapen.

Revisor har ved fleire høve informert kontrollutvalet om revisjonen av rekneskapen, der utvalet har fått orientering om innhaldet i revisjonsplan og om framdrift i revisjonen av rekneskapen.

Kontrollutvalet har motteke uavhengighetserklæring frå revisor, der oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit til fylkeskommunen vart stadfesta.

<sup>1</sup> Kostratal pr. 15.3.2014. Desse kan bli endra når dei endelege tala vert lagt ut i juni.

<sup>2</sup> Kostratal per. 15.3.2014.




Revisor har orientert kontrollutvalet om internt kvalitetskontrollsystem i regi av NKRF (Norges kommunerevisorforbund), som sikrer at revisjonen av rekneskapen vert utført i samsvar med regler og forskrifter.

Revisor har følgd opp dei avtaler som er gjort med kontrollutvalet vedrørande revisjon av rekneskapen, og har ingen kommentarar utover det som er ei normal revisjonsmelding.

Ut over det som er nemnt i denne uttalen og det som går fram av revisjonsmeldinga datert 14.04.14, har kontrollutvalet ikkje merknader til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2013.

Med helsing

Arve Mjømen  
Leiar i kontrollutvalet



Kopi til:  
Fylkesutvalet